



ÅRSREGNSKAPET FOR REGNSKAPSÅRET 2024 - GENERELL INFORMASJON

Enheten

Organisasjonsnummer: 915 613 020
Organisasjonsform: Aksjeselskap
Foretaksnavn: VISIT JOTUNHEIMEN AS
Forretningsadresse: Bergomsvegen 17
2686 LOM

Regnskapsår

Årsregnskapets periode: 01.01.2024 - 31.12.2024

Konsern

Morselskap i konsern: Nei

Regnskapsregler

Regler for små foretak benyttet: Ja
Benyttet ved utarbeidelsen av årsregnskapet til selskapet: Regnskapslovens alminnelige regler

Årsregnskapet fastsatt av kompetent organ

Bekreftet av representant for selskapet: Mari Arnøygard Wedum
Dato for fastsettelse av årsregnskapet: 02.06.2025

Grunnlag for avgivelse

År 2024: Årsregnskapet er elektronisk innlevert
År 2023: Tall er hentet fra elektronisk innlevert årsregnskap fra 2024

Det er ikke krav til at årsregnskapet m.v. som sendes til Regnskapsregisteret er undertegnet. Kontrollen på at dette er utført ligger hos revisor/enhetens øverste organ. Sikkerheten ivaretas ved at innsender har rolle/rettighet for innsending av årsregnskapet via Altinn, og ved at det bekreftes at årsregnskapet er fastsatt av kompetent organ.

Brønnøysundregistrene, 17.06.2025



Resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2024	2023
RESULTATREKNESKAP			
Inntekter			
Salgsinntekt		2 012 499	1 665 200
Annen driftsinntekt	1	1 356 333	1 536 709
Sum inntekter		3 368 832	3 201 909
Kostnader			
Varekostnad		369 763	314 777
Lønnskostnad	2, 3	1 755 396	1 682 295
Avskrivning på varige driftsmidler og immaterielle eiendeler	4	16 966	14 167
Annen driftskostnad		1 221 284	1 120 412
Sum kostnader		3 363 409	3 131 651
Driftsresultat		5 423	70 258
Finansinntekter og finanskostnader			
Anna renteinntekt		805	452
Sum finansinntekter		805	452
Annan rentekostnad		1 291	79
Sum finanskostnader		1 291	79
Netto finans		-486	373
Resultat før skattekostnad		4 937	70 631
Skattekostnad	5, 6	0	14 792
Årsresultat		4 937	55 839
Overføringer og disponeringar			
Annen egenkapital		4 937	55 839
Sum overføringer og disponeringar		4 937	55 839



Balanse

Beløp i: NOK	Note	2024	2023
BALANSE - EIGEDELAR			
Anleggsmiddel			
Immaterielle egedelar			
Sum immaterielle egedelar		0	0
Varige driftsmiddel			
Driftsløsøre, inventar, verktøy, kontormaskiner, ol.	4	50 325	67 291
Sum varige driftsmiddel		50 325	67 291
Finansielle anleggsmiddel			
Investeringer i aksjer og andeler	7	5 000	0
Sum finansielle anleggsmiddel		5 000	0
Sum anleggsmiddel		55 325	67 291
Omløpsmiddel			
Varer			
Varer		168 818	142 893
Sum varer		168 818	142 893
Krav			
Kundefordringer		54 098	81 379
Andre kortsiktige fordringer		309 424	238 471
Sum krav		363 522	319 850
Investeringar			
Sum investeringar		0	0
Bankinnskot, kontantar og liknande			
Bankinnskudd, kontanter og lignende	8	568 441	524 890
Sum bankinnskot, kontantar og liknande		568 441	524 890
Sum omløpsmiddel		1 100 781	987 633
SUM EIGEDELAR		1 156 106	1 054 924



Balanse

Beløp i: NOK	Note	2024	2023
BALANSE - EIGENKAPITAL OG GJELD			
Eigenkapital			
Innskoten eigenkapital			
Aksjekapital	9	291 888	271 618
Sum innskoten eigenkapital		291 888	271 618
Opptent eigenkapital			
Annen egenkapital	9	176 947	172 010
Sum opptent eigenkapital		176 947	172 010
Sum eigenkapital		468 835	443 628
Gjeld			
Langsiktig gjeld			
Sum avsetjinger for plikter		0	0
Anna langsiktig gjeld			
Sum anna langsiktig gjeld		0	0
Sum langsiktig gjeld		0	0
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		258 837	208 753
Betalbar skatt	5, 6	0	14 793
Skyldige offentlige avgifter	8	114 798	116 914
Annen kortsiktig gjeld		313 636	270 836
Sum kortsiktig gjeld		687 271	611 296
Sum gjeld		687 271	611 296
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD		1 156 106	1 054 924



Brønnøysundregistrene

ÅRSREGNSKAP FOR REGNSKAPSÅRET 2024 - GENERELL INFORMASJON

Journalnummer: 2025 542469

Enheten

Organisasjonsnummer: 915 613 020
Organisasjonsform: Aksjeselskap
Foretaksnavn: VISIT JOTUNHEIMEN AS
Forretningsadresse: Bergomsvegen 17
2686 LOM

Regnskapsår

Årsregnskapets periode: 01.01.2024 - 31.12.2024

Konsern

Morselskap i konsern: Nei

Regnskapsregler

Regler for små foretak benyttet: Ja
Benyttet ved utarbeidelsen av
årsregnskapet til selskapet: Regnskapslovens alminnelige regler

Årsregnskapet fastsatt av kompetent organ

Bekreftet av representant for selskapet: Mari Arnøygard Wedum
Dato for fastsettelse av årsregnskapet: 02.06.2025

Revisjon

Selskapet har besluttet at årsregnskapet
ikke skal revideres: Ja
Årsregnskapet er utarbeidet av ekstern
autorisert regnskapsfører: Ja
Ekstern autorisert regnskapsfører har i
løpet av regnskapsåret bistått ved den
løpende regnskapsføringen eller utført
andre tjenester for selskapet enn å
utarbeide årsregnskapet: Ja

Grunnlag for avgivelse

År 2024: Årsregnskap er elektronisk innlevert.
År 2023: Tall er hentet fra elektronisk innlevert årsregnskap fra 2024.

Det er ikke krav til at årsregnskapet m.v. som sendes til Regnskapsregisteret er undertegnet. Kontrollen på at dette er utført ligger hos revisor/enhetens øverste organ. Sikkerheten ivaretas ved at innsender har rolle/rettighet for innsending av årsregnskapet via Altinn, og ved at det bekreftes at årsregnskapet er fastsatt av kompetent organ.

Brønnøysundregistrene, 16.06.2025

Brønnøysundregistrene
Postadresse: Postboks 900, 8910 Brønnøysund
Telefon: 75 00 75 00
E-post: firmapost@brreg.no Internett: www.brreg.no
Organisasjonsnummer: 974 760 673



Organisasjonsnr: 915 613 020
VISIT JOTUNHEIMEN AS

RESULTATREGNSKAP

Beløp i: NOK	Note	2024	2023
RESULTATREKNESKAP			
Inntekter			
Salgsinntekt		2 012 499	1 665 200
Annen driftsinntekt	1	1 356 333	1 536 709
Sum inntekter		3 368 832	3 201 909
Kostnader			
Varekostnad		369 763	314 777
Lønnskostnad	2, 3	1 755 396	1 682 295
Avskrivning på varige driftsmidler og immaterielle eiendeler	4	16 966	14 167
Annen driftskostnad		1 221 284	1 120 412
Sum kostnader		3 363 409	3 131 651
Driftsresultat		5 423	70 258
Finansinntekter og finanskostnader			
Anna renteinntekt		805	452
Sum finansinntekter		805	452
Annan rentekostnad		1 291	79
Sum finanskostnader		1 291	79
Netto finans		-486	373
Resultat før skattekostnad		4 937	70 631
Skattekostnad	5, 6	0	14 792
Årsresultat		4 937	55 839
Overføringer og disponeringar			
Annen egenkapital		4 937	55 839
Sum overføringer og disponeringar		4 937	55 839



Organisasjonsnr: 915 613 020
VISIT JOTUNHEIMEN AS

BALANSE

Beløp i: NOK	Note	2024	2023
BALANSE - EIGEDELAR			
Anleggsmiddel			
Immaterielle egedelar			
Sum immaterielle egedelar		0	0
Varige driftsmiddel			
Driftsløsøre, inventar, verktøy, kontormaskiner, ol.			
	4	50 325	67 291
Sum varige driftsmiddel		50 325	67 291
Finansielle anleggsmiddel			
Investeringer i aksjer og andeler			
	7	5 000	0
Sum finansielle anleggsmiddel		5 000	0
Sum anleggsmiddel		55 325	67 291
Omløpsmiddel			
Varer			
Varer		168 818	142 893
Sum varer		168 818	142 893
Krav			
Kundefordringer			
		54 098	81 379
Andre kortsiktige fordringer			
		309 424	238 471
Sum krav		363 522	319 850
Investeringar			
Sum investeringar		0	0
Bankinnskot, kontantar og liknande			
Bankinnskudd, kontanter og lignende			
	8	568 441	524 890
Sum bankinnskot, kontantar og liknande		568 441	524 890
Sum omløpsmiddel		1 100 781	987 633
SUM EIGEDELAR		1 156 106	1 054 924

BALANSE - EIGENKAPITAL OG GJELD

Eigenkapital



Innskoten egenkapital			
Aksjekapital	9	291 888	271 618
Sum innskoten egenkapital		291 888	271 618
Opptent egenkapital			
Annen egenkapital	9	176 947	172 010
Sum opptent egenkapital		176 947	172 010
Sum egenkapital		468 835	443 628
Gjeld			
Langsiktig gjeld			
Sum avsetjinger for plikter		0	0
Anna langsiktig gjeld		0	0
Sum anna langsiktig gjeld		0	0
Sum langsiktig gjeld		0	0
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		258 837	208 753
Betalbar skatt	5, 6	0	14 793
Skyldige offentlige avgifter	8	114 798	116 914
Annen kortsiktig gjeld		313 636	270 836
Sum kortsiktig gjeld		687 271	611 296
Sum gjeld		687 271	611 296
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD		1 156 106	1 054 924



Organisasjonsnr: 915 613 020
VISIT JOTUNHEIMEN AS

NOTEOPPLYSNINGER - SELSKAP - alle poster oppgitt i hele tall

Note

Rekneskapsprinsipp

Årsregnskapet er satt opp i samsvar med regnskapsloven og god regnskapsskikk for små foretak. Salgsinntekter Inntektsføring ved salg av varer skjer på leveringstidspunktet. Tjenester inntektsføres etter hvert som de leveres. Klassifisering og vurdering av balanseposter Anleggsmidler er eiendeler bestemt til varig eie eller bruk. Eiendeler som er knyttet til varekretsløpet er klassifisert som omløpsmidler. Fordringer klassifiseres som omløpsmidler hvis de forfaller til betaling innen ett år etter transaksjonsdagen. Tilsvarende klassifiseres gjeld som kortsiktig hvis gjelden forfaller til betaling innen ett år. Omløpsmidler vurderes til laveste av anskaffelseskost og virkelig verdi. Kortsiktig gjeld balanseføres til nominelt beløp på etableringstidspunktet. Anleggsmidler vurderes til anskaffelseskost. Varige anleggsmidler avskrives etter en fornuftig avskrivningsplan. Anleggsmidlene nedskrives til virkelig verdi ved verdifall som ikke forventes å være forbigående. Langsiktig gjeld med unntak av andre avsetninger balanseføres til nominelt beløp på etableringstidspunktet. Fordringer Kundefordringer og andre fordringer er oppført i balansen til pålydende etter fradrag for avsetning til forventet tap. Avsetning til tap gjøres på grunnlag av individuelle vurderinger av de enkelte fordringene. Varebeholdninger Varer verdsettes til det laveste av anskaffelseskost og virkelig verdi. Varige driftsmidler Varige driftsmidler balanseføres og avskrives over driftsmidlenes levetid dersom de har antatt levetid over 3 år og har en kostpris som overstiger kr 30 000. Direkte vedlikehold av driftsmidler kostnadsføres løpende under driftskostnader, mens påkostninger eller forbedringer tillegges driftsmidlets kostpris og avskrives i takt med driftsmidlet. Skatt Skattekostnaden i resultatregnskapet omfatter både periodens betalbare skatt og endring i utsatt skatt. Utsatt skatt er beregnet med 22% på grunnlag av de midlertidige forskjeller som eksisterer mellom regnskapsmessige og skattemessige verdier, samt skattemessig underskudd til fremføring ved utgangen av regnskapsåret. Skatteøkende og skattereduserende midlertidige forskjeller som reverserer eller kan reversere i samme periode er fastsatt og skattevirkningen er beregnet på nettogrunnlaget. Utsatt skattefordel bokføres ikke. Selskapet har ikke endret regnskapsprinsipp fra 2023 til 2024.

Note

3

Tal på årsverk i rekneskapsåret

2.00

Note

2

Spesifisering av resultatrekneskapen

Lønnskostnader



<u>Lønn</u>	<u>Årets</u>	<u>Fjorårets</u>
	1548148.00	1523458.00
<u>Folketrygdavgift</u>	<u>Årets</u>	<u>Fjorårets</u>
	107001.00	95183.00
<u>Pensjonskostnader</u>	<u>Årets</u>	<u>Fjorårets</u>
	73447.00	30061.00
<u>Andre ytingar</u>	<u>Årets</u>	<u>Fjorårets</u>
	26800.00	33593.00
<u>Sum lønnskostnader</u>	<u>Årets</u>	<u>Fjorårets</u>
	1755396.00	1682295.00

Note

Ekstraordinære inntekter og kostnader

<u>Sum</u>	<u>Beløp</u>
------------	--------------

Note

4

Varige driftsmiddel og immaterielle egedelar

<u>Anskaffingskost 01.01.</u>	<u>Varige driftsmiddel</u>	<u>Immaterielle eged.</u>
	198546.00	0.00
<u>Anskaffingskost 31.12.</u>	<u>Varige driftsmiddel</u>	<u>Immaterielle eged.</u>
	198546.00	0.00
<u>Samla av-/nedskriv.</u>	<u>Varige driftsmiddel</u>	<u>Immaterielle eged.</u>
	148221.00	0.00
<u>Balanseført verdi 31.12.</u>	<u>Varige driftsmiddel</u>	<u>Immaterielle eged.</u>
	50325.00	0.00
<u>Årets av-/nedskriv.</u>	<u>Varige driftsmiddel</u>	<u>Immaterielle eged.</u>
	16966.00	0.00

Anskaffingskost - balanseførte lånekostnader, eigentilvirka anleggsmiddel

Goodwill spesifisert for kvar enkelt verksemdkjøp

Avskrivingsplan for goodwill som er lenger enn fem år - begrunning

Meir om varige driftsmiddel/immaterielle egedelar

Konsernrekneskap

Morselskapet sitt namn



Forretningskontor for morselskapet

Grunn til at dotterselskap ikkje er tatt med i konsolideringa

Samla beløp - tilknytt selskap Årets Fjorårets

Samla beløp - føretak i samme konsern Årets Fjorårets

Samla beløp - føretak i samme konsern Årets Fjorårets

Samla beløp - felles kontrollert verksemd Årets Fjorårets

Pantstillingar Beløp

Behaldning av egne aksjar Tal på aksjar Pålydande Andel av aksjek.



ÅRSBERETNING 2024

Visit Jotunheimen AS



Fjellsmaken | Foto: Frys Film

Visit Jotunheimen er reisemålselskapet for Jotunheimen, Lom og omland. Lom sentrum har status som nasjonalparklandsby og er ein naturleg innfallsport til nasjonalparkane Jotunheimen, Breheimen og Reinheimen.

VISIT JOTUNHEIMEN AS

ved styreleiar Øyvind Rusten og dagleg leiar Mari Arnøygard Wedum, mai 2025



INNHALD

1: Innleiing.....	2
Året 2024 – stutt oppsummert	2
Verksemda si art og lokalisering	5
2: Strategi og arbeidsområder.....	6
Strategi	6
Arbeidsområder	6
3: Marknadsføring	6
Ny reisemålsstrategi 2024 -2027	6
Marknads-og handlingsplan 2024.....	7
Marknadsføringsaktivitet og vertskap.....	7
4: Aksjonærer og støttemedlemmar	12
5: Turistsesongen 2024	13
6: Turistinformasjonen i Lom	13
7: Prosjekt og samarbeid	15
8: Styret.....	19
Styret sitt arbeid – ved styreleiar:	19
9: Organisasjon	20
10: Rekneskap 2024	22
11: Budsjett 2025.....	22



1: INNLEIING

ÅRET 2024 – STUTT OPPSUMMERT

Året 2024 var året da ei varsla **nedlegging av Lom vidaregåande skule** fekk mykje merksemd både i media (lokalt og nasjonalt) og i lokalsamfunnet. Det vart arrangert fakkeltog og markeringar fleire stader, og i Lom støtta lokalsamfunnet opp om aksjonen «Berg skulen vår». Avgjerda kring framtidig skulestruktur vart teke av fylkestinget 23.10.2024. Dagen innan heldt dei fleste bedrifter stengt i både Lom, Skjåk og Vågå, for å markere si negative haldning til forslaget. Fleire reiste til Hamar for å demonstrere denne dagen. Skulen vart likevel vedtatt lagt ned.

Det skjedde òg mykje i reiselivet i dalen i løpet av året. Både Nasjonalparkriket Reiseliv og Visit Lillehammer vart historie da nye «**Rada Reiseliv**» vart oppretta. Visit Jotunheimen var ikkje med i denne prosessen, men haldt fram som normalt, med mål om fortsatt solid drift og trygg vekst.

2024 var selskapet sitt 9.driftsår – med 72 aksjonærar per desember, samt 10 støttemedlemmar.

Vi starta året med reiselivstur til Røros i slutten av januar. Nærmare 40 personar var med på turen, kor vi mellom anna besøkte Søberg gard på Alvdal, fekk omsyning i Olavsgruvene og var på ølsmaking på Røros bryggeri. Totalt sett står dette att som ein minnerik tur med mykje latter, lærerike og inspirerande opplevingar, smakfulle måltid og sosial lagbygging!

Gjennom vinteren og våren drifta vi vinterkampanje for medlem – med satsing på fjellski frå hytte til hytte, og lågterskel vinteraktivitet. Vi produserte reels (korte videoar) med Frys Film kring Gjendesheim og samarbeida med DNT Oslo om rundturen «Klassikaren i Jotunheimen» - gjennom landingsside på dnt.no – samt innhald i sosiale medier. Ei viktig satsing for å nå ut til fleire med hytte-til-hytte-marknadsføring.

Påska 2024 kom tidleg og var prega av kaldt og dårleg vær i høgfjellet. Fleire høgfjellshytter opplevde avbestillingar grunna dårleg værmelding, men kom greitt ut av påskeveka likevel.

Våren gav stabilt kaldt vær og glimrande skiforhold i fjellet. Sognefjellsvegen opna frå Lom til Sognefjellshytta tysdagen i påskeveka (vart fyrst annonsert opna fredag innan palmehelga, men vart utsett). Vegen opna over heile fjellet til Luster fredag 26.april 2024.

Fyrste halvår var elles prega av høg aktivitet i sosiale medier - med filmproduksjon og direktesendingar i vinterkampanja. Laga mellom anna videoinnhald frå skitur til Galdhøpiggen frå Spiterstulen og Tverrådalsskyrkja frå Sota sæter.

I starten av mai gjekk vi over til sommarfokus. Ordinær generalforsamling vart gjennomført på Nordal, **onsdag 5.juni 2024 – og Lom vart da offisielt merka som Berekraftig Reisemål** med representantar frå Innovasjon Norge. Vi utarbeida ein heilheitleg reisemålsstrategi for Lom som reisemål og etablerte **ei reisemålsleiing**, som saman skal bidra til å leie utviklinga på reisemålet framover.



Grete Moe, kundefrågjever reiseliv, Innovasjon Norge Innlandet (framme t.v) og Sverre Bjørnstad, direktør IN Innlandet delte ut blommar og sjølvaste beviset på Berekraftig reisemål til fjellseljar Marit Tangvik (midten), dagleg leiar Mari Arnøygaard Wedum (t.h) og styreleiar Øyvind Rusten (bak t.h.) i Visit Jotunheimen under Visit Jotunheimen sitt årsmøte på Nordal turistsenter, 5.juni 2024

Sommaren 2024 var prega av godt besøk og tilfredse bedrifter. Etter attendemelding frå ein del bedrifter, per midten av august, låg dei fleste over 2023-sesongen i omsetnad – og meldte om auke i omsetnad i juli og så langt i august.

Tendensar:

- Fjellhyttene hadde ein svært god mai månad, grunna fantastisk vår og at heilagdagane klaffa perfekt med tanke på langhelgar (særleg populært for topptur-turistane).
- Norske besøkjande er meir avhengig av vêret, og det har vore ein god del både avbestillingar og siste liten-bestillingar. Særleg var juni krevjande med tanke på dårleg vår.
- Det har vore godt besøk frå Europa i år – noko dei fleste vertskapa er svært nøgde med. Uttendingane er dessutan tilfreds med det norske prisnivået (!)
- Fleire har inntrykk av at etterspørselen etter å reise til traktene våre er høg, men at kjøpekrafta fungerer som eit handbrekk. Hadde juni òg hatt mai-vêr, hadde dette fort vore ein rekordsommar?
- DNT-hyttene i Jotunheimen har hatt ein knallsesong med 10 prosent auke samla sett. Gjendebu vart DNT Oslo si best besøkte DNT-hytte i år, med 30 % vekst på totalt 5716 overnattingsdøgn frå 14.juni og ut juli.
- Lom stavkyrkje hadde besøkstal på omtrent same nivå som 2023.
- Fleire handels- og overnattingsbedrifter meldte om at sumartrafikken var nokså jamn og god, men utan dei store toppane.

I turistinformasjonen hadde vi som vanleg 3 tilsette sommarvikarar frå juni – ut august. Per 26.08.24 var det registrert **10.306 besøk**, som tilsvara ein liten nedgang samanlikna med same tid i 2023, kor vi hadde 12.618 registrertebesøk.



Årsberetning 2024

Visit Jotunheimen AS



Administrasjonen deltok på Reise:liv (26.11.24) og bransjeforum for destinasjonsselskaper (27.11.24) i Oslo – nyttige møtestader for reiselivsbransjen.

I reisemålsstrategien for Visit Jotunheimen er eit av satsingsområda å jobbe meir mot den utanlandske marknaden. Norsk Turistutvikling (NTU), ved Kjell Ove Solbakken vart i 2024 engasjert for å køyre eit forprosjekt for å avdekke status, behov og interesse kring samarbeid med turoperatørar, samt avdekke korleis eit slikt prosjekt kan gjennomførast. Fleire bedrifter var interesserte i å vere med på eit klyngesamarbeid, og det vart mot slutten av året sendt *ein søknad til Innovasjon Norge om støtte til eit bedriftsnettverk*.

Visit Jotunheimen var med på stiftinga av samvirkeforetaket **Mat og drikke frå Innlandet SA**. Satsinga har som mål å fremje landbruket, reiselivet og lokal matproduksjon i Innlandet. Kvar av medlemsbedriftene betaler kr. 5000,- i andelsinnskot.

Fram mot jul var vi med i planlegging av **julemarknad i Lom** (første helg i desember). Vi organiserte adventskalender på Facebook, og samarbeida med Visus om juleheftet kor vi leverte reportasje om skulesaka, lokal handel, julemarknad og adventskalender. Det vart dessutan lagt ned ein del tid på planlegging av ny reiselivstur på nyåret – til Stryn og Loen i januar 2025. (Turen vart dog avlyst grunna for få påmeldte)

Visit Jotunheimen har gjennom fleire sesongar tatt initiativ til ei oppgradering av julebelysninga i Lom sentrum. Ved sidan av å montere på at ljosa på utleggsbrua, fekk vi ljossatt to store bjørketrær mellom Kiwi og Skaansar.

Saman med kommunen, bestemte vi følgjande tider for ljossetting og slukking av jul- og vinterljøs:

- Vinterbelysning: 1. november til 15. februar.
- Julebelysning: Fredagen før 1. søndag i advent til 20. dag jul.

Utleggsbrua vil vere ljossett noko lenger enn det andre, da dette ljuset òg fungerer som "gangveg-belysning". Blir sløkt etter vinterferien for Innlandet, innan 1.mars

2024 var året da vi gjekk i gang med prosessen med utvikling av visuell profil og nettside. Vi kom i gang med Krible-samarbeidet innan jul, og planla fullt fokus på nettside-arbeidet frå februar 2025.

I sosiale kanalar var vi også dette året meget aktive på Facebook og Instagram. Vi hadde per 28.11.2024 **38.937 følgjarar** på Instagram, korav 60% er kvinner og 40% er menn. Denne månaden hadde vi 208.735 visningar, kun organisk – med opptil 22.000 visningar per innlegg. På Facebook hadde vi **31.815 følgjarar** på same tid.

Vi omsøkte midlar til nytt kurs for alle medlem, gjennom IFK si ordning «bedriftsintern opplæring» - og fekk tilsagn på vel 70.000,-. Kurset blir gjennomført på nyåret.

Styret (med administrasjon) hadde til saman 7 styremøte i løpet av året, og siste styremøte innan jul (05.12.24) vart lagt til Nilsbue med påfølgjande julemiddag for styret på Brimibue. Same dag var dagleg leiar og styreleiar invitert til eit uformelt møte på kommunehuset i Skjåk- med mål om å bli litt betre kjent og etablere ein dialog kring korleis Visit Jotunheimen eventuelt kan samarbeide med Skjåk.

Administrasjonen har mange arbeidsoppgåver og ein meget variert. Som eit døme på dette, eit utdrag frå eit styremøte i oktober 2024: *Stutt oppsummert så driv vi akkurat nå med søknad om støtte til Fjellsmaken*



(og ferdigstilling av episode) og diverse kurs vi planlegg (vertskapskurs og sosiale medier), oppfølging økonomi og fakturering, vi kartlegg og kontakter relevante aktører for arbeid med ny nettside og visuell profil, vi planlegg haustmøte, julebelysning, julearrangement, julemarknad, kontorfelleskap, lokalmatgruppe, matsatsing med Innlandet fylkeskommune, utanlandssatsing, turkartbrosjyre, innhald til sosiale medier. Julebelysning – på brua og to trær kring ved innkøringa til Kiwi – skal på plass i starten av november.

Under Sparebank 1 Lom og Skjåk sin julemiddag på Nordal den 4. desember, fekk vi 20.000 i næringsstipend, øymerka arbeid med kursing gjennom berekraftsakademiet og programmet «Motimate».

Den 17. desember inviterte vi alle medlem til julebrunsj på Nilsbue, sponsa av Kiwi Lom og Bakeriet i Lom. Etter ei hektisk førjulstid, gjekk det mot juleferie, men med trekning av siste luke i årets adventskalender på Facebook 1. juledag!



VERKSEMDA SI ART OG LOKALISERING

Visit Jotunheimen AS er eit reisemålselskap for Lom, Jotunheimen og omland, oppretta av den lokale turistnæringa i Lom, 29. mai 2015. Aksjonærane i selskapet består i hovudsak av handels- og reiselivsbedrifter, og alle eig ei aksje i selskapet.

Selskapet sitt arbeidsområde er felt ned i formålsparagrafen i vedtektene:

«Å drive turistinformasjon og marknadsføring av Lom og Jotunheimen finansiert gjennom servicebidrag frå aksjonærane og eventuelle tilskot. Vera prosjekt drivar for reiselivsutvikling med marknadsføring og produktutvikling der prosjekta er finansiert gjennom eigenbetaling frå prosjektdeltakarane og eventuelle tilskot».

Frå sommaren 2020 har både kontor og turistinformasjon vore lokalisert på Nilsbue, midt i Lom sentrum,



med adresse Bergomsvegen 17, 2686 Lom. Her har administrasjonen to faste kontorplassar og moglegheit for møter, i tillegg til turistinformasjon med eit utsal av bøker, kart, turartiklar etc.

Frå 2023 driftar Visit Jotunheimen eit kontorfellesskap/hub i same bygnad - beståande av kontorplassar for fast leige og drop-in, møterom og fellesareal.

2: STRATEGI OG ARBEIDSMRÅDER

STRATEGI

Eit grunnleggjande mål for Visit Jotunheimen er å få best mogleg effekt ut av dei ressursane vi til ei kvar tid disponerer.

- Visit Jotunheimen skal arbeide målretta for å styrke reisemålet sin posisjon, og for vidareforedling av reisemålet sitt unike ressursgrunnlag.
- Vi skal leggje til rette for at det skal vere enkelt å velje Lom, Jotunheimen og omland som reisemål via merkevarebygging.
- Vi skal ha fokus på nettverksbygging, kostnadseffektive digitale løysingar og gode samarbeidsallianser.
- Vi skal vera ein stolt og ansvarleg formidlar av reisemålet sitt naturbaserte ressursgrunnlag, rikhaldige matkultur, lokale identitet, historie og kulturarv.
- Vi skal vera ein viktig aktør for den heilskaplege berekraftige reisemålsutviklinga.
- Vi skal bidra til at kvaliteten på bedriftene sitt produkt og eiga marknadsføring blir betre.

ARBEIDSMRÅDER

Visit Jotunheimen sine primærprodukt er unike natur-, kultur-, og matopplevingar i regionen. Selskapet skal synleggjere moglegheita for å kombinere desse ulike opplevingane - for å få gjesten til å bli i området over fleire dagar.

Jotunheimen er vår «identitet» og vårt viktigaste trekkplaster.

Visit Jotunheimens kjerneoppgåver skal vere felles

- 1) Marknadsføring og vertskap
- 2) Berekraftig reisemålsutvikling

3: MARKNADSFØRING

NY REISEMÅLSSTRATEGI 2024 -2027

Visit Jotunheimen arbeide hausten 2023 med ny **reisemålsstrategi for Lom**, som skal gjelde for perioda 2024– 2027. Målet var å utvikle ein strategi som byggjer opp kring arbeidet i «Lom som berekraftig reisemål», med eit heilskapleg perspektiv som tek omsyn til næringsas utvikling, lokalsamfunnet og natur/miljø. Dette er altså ein strategi som ikkje berre er ein selskapsstrategi for Visit Jotunheimen, men for heile Lom som reisemål, inkludert Lom kommune, næring, forvaltning og andre interessentar.

Prosesen har inkludert innspelsmøter i næringa m/SWOT-analyse, næringsundersøking, gjesteundersøking, innbygjarundersøking og utarbeiding av ei økonomisk statusanalyse. Basert på dette omfattande datagrunnlaget har det vorte skissert innsatsområde og konkrete tiltak som vert viktige i åra som kjem.



Ny reisemålsstrategi vart handsama og vedteke av Lom kommune per 6. februar 2024. Arbeidet med utarbeidinga av reisemålsstrategi var med dette ferdig, og 2024 dreia seg om implementering og å skape eigarskapskjensle til tiltaka i næringa og eget selskap.



MARKNADS- OG HANDLINGSPLAN 2024

Selskapet sitt forslag til marknadsplan for 2024 vart i tråd med vedtektene, godkjend under selskapet si ekstraordinære generalforsamling på **Fossheim hotell, mandag 6. november 2023**, og er lagt til grunn for marknadsarbeidet for driftsåret 2024.

Målet med planen er å gje aksjonærar og selskapet eit rammeverktøy for det kommande året, og å gje informasjon og forståing for tiltak der vi opptre i marknaden på vegne av fellesskapet. Denne skal i tillegg til ny reisemålsstrategi for Lom, sikre god profilering av aksjonærarane og auka aktivitet på reisemålet innanfor dei vedteke budsjettammene. Det vert utforma konkrete planar for kvart enkelt prosjekt etter kvart som dei vert oppretta.

Medan strategien seier noko om kva for retning Visit Jotunheimen skal ha over ei lengre periode, gjev marknads- og handlingsplanen ei oversikt over selskapet sine egne aktivitetar, samt sals- og marknadsretta tiltak der vi samarbeider med eksterne aktørar.

Selskapet oppfordrar gjennom sitt arbeid til auka bruk (og vern) av fjellet og naturen, og betre informasjon om, og tilgang til kulturtilboda i Lom og omland. Vi arbeider aktivt for å trekke fleire besøkande til vårt område. Aksjonærarane sine bedrifter bidreg òg til ein samfunnsgevinst i form av helsefremmande aktivitetar i fjellheimen.

MARKNADSFØRINGSAKTIVITET OG VERTSKAP

Visit Jotunheimen skal ha eit balansert fokus mellom høg- og lågterskelaktivitetar, og mellom Lom nasjonalparklandsby og det naturgjevne ressursgrunnlaget som fjellheimen i Jotunheimen representera.

Mykje av marknadsaktiviteten består i å vere aktivt til stades i sosiale medier med profilering av området gjennom aktivitetsforslag, flotte bilete og film, samt oppdatert informasjon om opningstider til bedrifter, veginformasjon og deling av nyheiter frå området vårt. Vi har òg sett ei god effekt av å arrangere konkurransar i våre kanalar i sosiale medier.



Gjennom høysesongen vert det gjeve informasjon gjennom selskapet sine nettsider, ulike sosiale medier, jamlege nyheitsbrev og gjennom fast vertskap i turistinformasjonen. Administrasjonen driv turistinformasjon òg gjennom å svare på førespurnader via telefon og e-post året rundt. Selskapet har prioritert marknadsaktivitetar som er interesse- og motivasjonsbasert mot dei som generelt søker natur-, kultur- og matopplevingar. Selskapet ynskjer gjennom sine aktivitetar å nå ut til bredda av aldersgrupper og segment.

Målet er at denne informasjonsaktiviteten skal bidra til fleire gjestedøgn og auka verdiskaping for heile næringslivet i området – noko vi har gode indikatorar på at vi lukkast med. Den generelle informasjons- og marknadsaktiviteten vert produsert av selskapet sin administrasjon ved dagleg leiar i 100 % stilling og fjellseljar i 100% stilling, og er finansiert gjennom næringsbidrag frå aksjonærane, årleg støtte frå Lom kommune og omsøkte tilskot frå td. Innlandet fylkeskommune og Sparebank 1 Lom og Skjåk.



KAMPANJER

Marknadsaktivitetane vert forsterka gjennom meir målretta kampanjar. Kampanjene vert finansiert gjennom kampanjebidrag frå dei aksjonærane som deltek i kampanja.

Visit Jotunheimen har hovudsakleg gjennomført ei hovudkampanje i løpet av 2024: Vinterkampanje. Totalt var det 18 deltakarbedrifter som bidrog til toppturkampanja for sesongen 2023/2024, med eit samla budsjett på kr. 131.825,-. Det var høg marknadsføringsaktivitet i sosiale medier og andre kanalar gjennom heile perioda - mellom anna med jamleg utsending av nyheitsbrev, direktesending frå fjellet, produksjon av video-turtips og hyppig deling av innhald på Facebook og Instagram. Særleg får eigenproduserte turtips-videoar enormt god respons på Facebook.



Hovuddelen av marknadsføring har gått føre seg i sosiale medier, med link til landingssida: topptur.visitjotunheimen.no. Vi fekk til eit samarbeid med DNT Oslo og Omegn om å løfte fram "lågruta"-altså ein hytte-til-hyttetur i Jotunheimen. Dette er positivt med tanke på å nå ut til fleire følgjarar, og gjere fleire bevisste på at det er fint å gå frå kvist til kvist i høgfjellet om vinteren. Dagleg leiar samarbeida med DNT om innhald til landingsside og til sosiale medier.

Det vart produsert nye turtips- videoar (Storivilen slo an!), samt henta fram tidlegare opptak som resulterte i publisering av ein "Smak av Høgruta"-video, som favna breidt. Det var òg høg aktivitet og jamleg publisering av innhald på Instagram og Facebook gjennom heile perioda.





Reels med Frys Film: Vi samarbeida med Frys Film om fleire reels-produksjonar. Vi var fyrst ute med informasjon om brøyting av Sognefjellet. Dette er særst viktig for reiselivsaktørane langs vegen, da det gir høve for god påskeinntening. Visit Jotunheimen var aktivt med i marknadsføring og informasjonsspreiing knytt til «sesongopning» i fjellet – mellom anna gjennom fleire pressemeldingar som vart publisert i lokale og nasjonale medier

Vi produserte fleire videoar i løpet av ein effektiv dag på Gjende, mellom anna "live frå Gjendesheim" i kombinasjon med produksjon av reels "Fjellski i Jotunheimen", og "Lågruta".



Frå oppsummering av vinterkampanje 2024

FILMSATSING

Filmsatsinga har vore spesielt prioritert - for å sikre fleire følgjarar i sosiale medier, og marknadsføre området på best mogleg måte. Filmar er viktige verkemiddel både i kampanjer og i generell marknadsføring av området. Det meste av filmene er eigenproduserte og blir publisert på Youtube, i tillegg til Facebook og på eiga nettside når det er relevant.

SOSIALE MEDIER

Det har i løpet av 2024 vore høg aktivitet i Visit Jotunheimen sine kanalar i sosiale medier. Innhald med tydelege budskap er viktig for å fange folk si merksemd. Godt innhald skapar trafikk, og det gjer Visit Jotunheimen mellom anna ved å dele eigenproduserte videoar frå området, samt innlegg og informasjon frå medlemsbedrifter.




Facebook blir primært nytta som informasjonskanal med aktuelle oppdateringar frå regionen og vidareformidling av medlemmanes egne postar. For å oppnå auka merksemd bør dette helst skje gjennom egne innlegg som formidlar same budskap. Facebook er og ein viktig kanal for å tiltrekke seg nye kundar.

Biledelingstenesta Instagram veks stadig i popularitet, og blir meir brukt som «oppdatert turistinformasjon». Instagram er ein viktig kanal og blir brukt til deling av inspirerande bilete frå området vårt.

Vår marknadsføring av Lom og Jotunheimen på nettsider, Facebook og Instagram er avgjerande for å sikre fleire tilfredse gjestar. Vi har god synlegheit ut i frå våre investeringar

Følgjarar: På slutten av året 2024 hadde Visit jotunheimen 32.000 følgjarar på Facebook, mot om lag 30.650 følgjarar på same tid i 2023, og nærmare 40.000 **følgjarar på Instagram**, mot **35.300** på same tid på slutten av 2023. Til samanlikning 20.792 følgjarar per desember 2019.

Talet på følgjarar aukar stadig, som eit resultat av høgt aktivitetsnivå gjennom jamleg publisering av bilete, videoar og engasjerande innlegg kvar einaste veke. Stadig fleire vert påverka gjennom sosiale medier i reiseplanlegging, så dette er viktige tal med tanke på å nå ut til mange med våre egne budskap i desse kanalane.



NY VISUELL PROFIL OG NETTSIDE

Visit Jotunheimen har hatt noverande nettsideløysing sidan 2018. Denne er utdatert etter dagens forventningar, og det er naudsynt å ta grep og sko seg for framtida. Hausten 2024 gjekk vi i gang med planlegging av ei fornying av vår visuelle profil, samt ny nettside – og korleis vi kan finansiere dette.

Vi gjekk for eit tilbod frå Krible – eit kreativt byrå med base på Vinstra. Dei skal hjelpe oss med revidering av vår grafiske profil / visuelle identitet. Kostnadsramme ca. 100.000,-. Deretter planla vi å søke Sparebank 1 Lom og Skjåk om støtte til ny nettside, samt implementering av «Outdoor Active», som gjer at vi får satt



turtipsa våre i system. Rett innan jul var i gang med prosessen med Krible, og bekrefte samstundes at vi bruke Visit Group (CityBreak) som ny nettsideleverandør. Vår kontakt er Adrian Hollander i City Break (Visit Group), som da anslo ei total kostnad på 300.000,- for oppsett av ny side, samt 30.000 - 40.000,- i årlege driftskostnader (Kjem an på andre applikasjonar).

Vi hadde da en gjennomgang av websystemet (arbeidsverktøyet), og planla å gå i gang med prosessesen på nyåret, forutsett at finansiering var på plass.

NYHEITSBREV

Gjennom året har det blitt sendt ut nyheitsbrev på norsk. Disse inneheld turforslag, kampanjar, arrangement og anna relevant informasjon, og fungerer som eit viktig verktøy for å nå ut direkte til interesserte besøkande og samarbeidspartnarar.

PRESSE OG OMTALE

Visit Jotunheimen har også hatt fokus på synleggjering gjennom presse og redaksjonelle omtalar. Det er sendt ut eigne pressemeldingar gjennom året, og selskapet / spesifikke bedrifter har vore nemnt i fleire nasjonale medium, både som kjelde og gjennom samarbeid med journalistar og innhaldsprodusentar.

Samla sett meiner vi at dette arbeidet er med på å styrke den digitale synlegheita til Jotunheimen som reisemål.

REDAKSJONELT INNHOLD

Visit Jotunheimen lager jamleg redaksjonelt innhald som representerer det vi eller medlemsbedriftene gjer av tiltak knytt til berekraft. Desse synleggjer vi vidare i eigne kanalar der det er relevant.

4: AKSJONÆRAR OG STØTTEMEDLEMMAR

Visit Jotunheimen AS hadde ved utgangen av 2024 totalt **72 aksjar** fordelt på 71 aksjonærar beståande av handels- og næringsbedrifter i området.

I tillegg hadde Visit Jotunheimen AS totalt **10 bedrifter som «støttemedlemmar»** i 2024. Dette er bedrifter som nyt godt av reiselivet i regionen, og som kan bidra til å auke inntektsgrunnlaget for selskapet.

Næringsbidrag og prosjekt- og kampanje-finansiering frå aksjonærar og støttemedlem utgjorde **kr. 1 518 606,- i 2024**.

Aksjonærane og dermed næringslivet i Lom er aktivt med i styringa av kampanjer og ressursbruk, og vi har ei sterk lokal forankring og korte beslutningsvegar mellom idé og løysing. Dette fører til at stadig fleire bedrifter er interesserte i å vere med på laget.

Selskapet har med 2024 gjennomført sitt 9. fulle driftsår, og har opplevd ei jamn auke i aksjonærmassen. Ein oppgang frå 37 aksjar ved etableringa i mai 2015 til dagens 72 aksjar tilsvarar **ei auke i aksjonærmassen på heile 94,6 %**.



5: TURISTSESONGEN 2024

Gjestedøgnstatistikken for året 2024 viser følgende:

- Det er registrert **totalt 178.017 gjestedøgn i Lom i 2024** (Kjelde: SSB). Det representerer ei auke på 14.956 gjestedøgn sammenlikna med "Hans-året" 2023 (+9,1%).
- Dei totale gjestedøgnstala i Lom har vore nesten på same nivå i både 2019, 2021, 2022 og 2024 (Tala har variert frå 175.444 til 178.811).
- «Hotell og liknande overnattingsbedrifter» utgjør 45% av totalen, og «campingplassar og vandrarheim» 55%. Dette er ein noko misvisande statistikk, då enkelte fjellstover fell inn i den siste kategorien.
- SSB «sladdar» ein del tal i skuldresesong på grunn av at for få bedrifter er opne. Det gjer tala vanskelege å samanlikne år for år, utanom høgsesongen. I månadanane mai (+18%), juli (+13%) og august (+27%) var det solid auke mot 2023. I juni (-5%) og september (-9%) var det nedgang.
- **68,2% norske gjestar** i 2024, mot 68,3% i 2023.
- Sverige (9,6%), Tyskland (5,1%), Frankrike (2,6%), Nederland (2,4%), USA (2,1%), Danmark (2%) og Storbritannia (1,1%) utgjorde dei 7 største utanlandske marknadane. Vekst i andel frå Sverige, Storbritannia og USA, men ganske stor nedgang frå Nederland - med 1,5 prosentpoeng.

Økonomisk statistikk 2023:

- **69,6 millionar kroner i verdiskaping* i 2023** frå reiselivsbedriftene i Lom (Innovasjon Norge). Dette gjeld bedrifter innan overnatting, servering og aktivitet. Nedgang på heile 15,3% frå 2022, og dette har nok i stor grad samanheng med ekstremvêret «Hans» og at gjestedøgn i juli vart godt under 2022.

**Innovasjon Norge definerer verdiskaping i reiselivet som summen av lønnskostnader og driftsresultat før avskrivningar og nedskrivningar. Ikkje-rapporteringspliktige verksemdar er ikkje inkludert i statistikken. Statistikken baserer seg på rekneskapstal, og ei oversikt over verdiskapinga i 2024 er derfor ikkje klar i det denne årsmeldinga vert skrive.*

6: TURISTINFORMASJONEN I LOM

Visit Jotunheimen AS driftar den offisielle turistinformasjonen i Lom, som ligg på «Nilsbue» (sidan juni 2020) Her har òg administrasjonen kontor.

Selskapet hadde 3 tilsette turistvertar gjennom sommarsesongen 2024, og ope kvar dag frå starten av juni – ut august. Til og med 13.august ope frå kl. 9-21 og 10-18 (søndag). Fram til 3.september ope mandag – søndag kl. 10-18.

Per 26.08.24 var det registrert **10.306 besøk**, som tilsvarar ein liten nedgong samanlikna med same tid i 2023, kor vi hadde 12. 618 registertebesøk. Det er mykje gjennomgangstrafikk med folk som kjem innom for å kjøpe kart og få turforslag, innan dei reiser vidare til Sognefjellet og Geiranger. Det er registrert fleire utlendingar, særleg amerikanarar.

Totalt sal i turistinformasjonen i 2024 var per 16.august 2024 på **176.000,- eks. mva** (41.000,- meir enn 2023)



For sesongen 2024 er totale lønskostnader knytt til turistinformasjonen kr. **188.875,-, pluss sosiale kostnader**. Kostnader knytt til bemanning i turistinformasjonen utanom «sesongen» kjem i tillegg.

Resten av året har dagleg leiar og fjellseljar ansvar for førespurnadar til turistinformasjonen sin telefon og e-post, og dørene er opne for besøk kvar dag gjennom heile året, med unntak når dagleg leiar eller «fjellseljar» arbeider utanfor kontoret.



Turistinformasjonen i Lom. Foto: Solfure

Historisk sett ser vi ein nedgong i talet på fysiske besøk frå år til år. 2016 var eit toppår med 21.098 besøkande. I 2017 var det registrert totalt 16.842 besøk – mot 14.156 i 2018 og 12.064 i 2019. I løpet av de to «korona-somrane» 2020 og 2021 var høvesvis 6069 og 6854 besøk registrert.

Vi får stadig særst gode attendemeldingar frå turistane, som set pris på å treffe eit blidt andlet med god lokalkunnskap. Styret i Visit Jotunheimen konkluderer med at dette er ein viktig funksjon trass negativ utvikling i fysiske besøk, og ynskjer difor å behalde denne vertskapsfunksjonen framover.

På skjermene i turistinformasjonen har vi i 2024 primært vist annonser betalt av medlemsbedrifter.

KONTORFELLSSKAP PÅ NILSBUE

Kontorfelleskapet på Nilsbue har sidan ferdigstilling (møblering/foliering etc.) i 2023 vore drifta av Visit Jotunheimen. Vi tilbyr leige av kontorplassar (fast, fleksi eller drop-in) og møterom.

Gjennom 2024 nytta nokre bedrifter seg av høve for drop-in-møterom, og det vart jobba med å få inn faste leietakarar. I oktober var det på plass 3 faste kontorutleiger, mellom anna nyttilsett i Skåppå, og altså ledig eitt kontor for fast leige, samt 2 drop-in-plassar og møterom.



Nytt kontorfellesskap på Nilsbue frå hausten 2022

7: PROSJEKT OG SAMARBEID

For å marknadsføre oss på best mogleg måte har det i 2024 vore viktig å ha eit godt samarbeid med andre destinasjons- og reisemålselskap og andre aktuelle aktørar som har innverknad på gjestanes oppleving av reisemålet. Vi har gjennomført fleire store prosjekt, som å få merka Lom som berekraftig reisemål, produksjon av serien Fjellsmaken.

Hausten 2024 var det stiftelsesmøte for samvirkeforetaket Mat og drikke frå Innlandet SA. Visit Jotunheimen er ein av stiftarane som er med på satsinga, som har som mål å fremje landbruket, reiselivet og lokal matproduksjon i Innlandet. Kvar av medlemsbedriftene betaler kr. 5000,- i andelsinnskot. Desse er med: Visit Øst-Norge SA, Visit Jotunheimen AS, Visit Røros og Østerdalen SA, Destinasjon Trysil SA, Innlandet bondelag, Oppland bonde- og småbrukarlag, Hedmark bonde- og småbrukarlag, Hanen Innlandet SA, Rørosmat SA, Gudbrandsdalsmat SA. Fleire kjem truleg til etter kvart.

LOM SOM BEREKRAFTIG REISEMÅL

Onsdag 5.juni 2024 vart Lom vart offisielt merka som Berekraftig Reisemål med representantar frå Innovasjon Norge. Dette vart markert under Visit Jotunheimen sin ordinær generalforsamling på Nordal turistcenter.

Gjennom prosessen har vi utarbeidd **ein heilheitleg reisemålsstrategi** for Lom som reisemål. Strategien skal reviderast kvart 3. år, og har ein tilhørandetiltaksplan som skal reviderast årleg.

Det vart òg etablert ei reisemålsleiinga - samansett av ulike aktørar, som saman, formelt eller uformelt, leiar utviklinga på reisemålet. Reisemålsleiinga skal ha ei samlande og koordinerande rolle med omsyn til styring og handsaming av reiselivet på reisemålet i eit heilskapleg perspektiv, og arbeide for at omsyn til næringa si utvikling, lokalbefolkninga, gjestar og natur/miljø vert teke i vare i reisemålsutviklinga i Lom.

Visit Jotunheimen har det operative ansvaret for arbeidet i reisemålsleiinga, og gruppa består av følgjande personar:

- Marit Tangvik (prosjektleder Lom som berekraftig reisemål, Visit Jotunheimen AS)
- Mari Arnøygard Wedum (dagleg leiar, Visit Jotunheimen AS)
- Øyvind Rusten (Styreleder, Visit Jotunheimen AS)
- Anne Wangen (Juvasshytta og styremedlem Visit Jotunheimen AS)



- Arnt Rune Vole (Kiwi Lom og styremedlem Visit Jotunheimen AS)
- Hallvard Helland (leiar, Lom Bonde- og Småbrukarlag)
- Mai Bakken (dagleg leiar, Norsk Fjellsenter)
- Kristian Frisvold (ordførar, Lom kommune)
- Åshild Myhre Amundsen (næringsssjef, Lom kommune)
- Marit Rolstad (tenesteleiar kultur og friviljugheit, Lom kommune)
- Kari Sveen (nasjonalparkforvaltar, Jotunheimen Nasjonalpark. Kan involvere Breheimen og Reinheimen ved behov)

Vi er med i «**Nettverk for destinasjonsleiing og berekraftig reisemålsutvikling**» (NDBR). Nettverket er for reisemål som er merka - eller i gong med å bli merka - som berekraftige reisemål, og har mål om å vere Norges leiande reiselivsnettverk og kompetansekylnge for berekraftig reisemålsutvikling.

Gjennom nettverket har Visit Jotunheimen, v/ berekraftsansvarleg Marit Tangvik, i 2024 delteke i fokusgruppa for «lokal mat og drikke». I tillegg er Visit Jotunheimen med i pilotprosjektet «Berekraftsakademiet» – eit felles vertskapskurs for alle på reisemålet.

Gudbrandsdalskonferansen 2024: I november 2024 vart Gudbrandsdalskonferansen arrangert på Rudi gard, programleia av Mari Arnøygard Wedum i Visit Jotunheimen saman med stortingsrepresentant for Arbeiderpartiet, Rune Støstad. Konferansen var ei sammensmelting av tidlegare Verdiskapningskonferansen og «Den smarte grønne dalen» - med fokus på berekraftig vekst, og korleis vi saman kan bli enda meir attraktive, bærekraftige, framtidsretta og samkøyrt. Under konferansen vart det delt ut 3 prisar; Årets bærekraftspris, Ung verdiskapar og verdiskapingsprisen. Lom kommune sendte inn forslag på fleire bedrifter frå Lom, som endte opp som nominerte i kategorien berekraft.

FJELLSMAKEN

Visit Jotunheimen produserte i 2024 3 episoder i web-serien «Fjellsmaken» med følgande råvarer i fokus: Rein frå Jotunheimen, fjellaure og høg fjellslam. Sistnevnte vil bli ferdigstilt og publisert i 2025.

I «Fjellsmaken» har kvar episode teke for seg ei råvare, som vi har følgt frå jord til bord. Programleiar Mari er ute «i felt» med ein «råvareekspert» og lærer mest mogleg om råvara. Kokk Arne Brimi lager ein rett basert på dagens råvare. Frys Film er med som samarbeidspartner og produsent. Episodane har vorte delt i sosiale medier, mellom anna på Arne Brimi sin Instagram-konto, samt på You Tube via Visit Jotunheimen.

Målet har vore å skape lokal stoltheit og engasjement kring vår norske matkultur. Responsen har vore utelukkande positiv frå alle involverte, og alle som har sett produktet. Samla sett føler vi at Fjellsmaken er med på å styrke Jotunheimen sitt omdømme som matdestinasjon, og inspirere både lokalbefolkning, tilreisande og vertskap til å få smaken på opplevinga av det lokale og stuttreste måltidet. Å ha Arne Brimi på laget har sjølv sagt gjeve prosjektet ekstra merksemd og trykk i sosiale kanalar! Dessutan har det vore stor suksess å få bruke musikken til Bjørn Kåre Odde i produksjonen. Dette har vore med på å underbygge forankringa i den lokale kulturen!

Hovudprosjektet fekk 260.000,- i støtte frå Innlandet fylkeskommune, samt støtte frå Sparebank 1 Lom og Skjåk, og relevante råvareprodusentar.



Opptak Fjellsmaken: Aurefiske på Sognefjellet, med Eilev Hellekveen (tv.) i Lom fjellstyre. Foto: Dennis Risvoll

VIKTIGE SAMARBEIDSPARTNARAR

Visit Jotunheimen skal arbeide for eit godt samarbeid mellom styret/administrasjonen og medlemmane, og ei føremålstenleg ansvarsfordeling med andre aktørar som spelar ei viktig rolle i den vidare destinasjonsutviklinga. Her inngår mellom anna:

Lom kommune
Sparebank1 Lom og Skjåk
Innlandet fylkeskommune
Offentleg forvaltning (Nasjonalparkstyret, statsforvaltar og lokale fjellstyre)
Innovasjon Norge
Den Norske turistforening (DNT Oslo og Omegn)
Andre kringliggande destinasjonsselskap og kommunar
Forskings – og utviklingsmiljø (FoU)
Relevante prosjekt drivarar og utviklingsaktørar
Frivillige organisasjonar

Oversikta er ikkje meint som ei komplett oversikt, og samarbeidsbehov vert vurdert fortløpande. Overordna formål med samarbeid skal vere å nå selskapet sine målsettingar, og bidra til ei styrking av den heilskaplege destinasjonsutviklinga.

Visit Jotunheimen sine viktigaste samarbeidspartnarar har i 2024 vore Lom kommune, Sparebank 1 Lom og Skjåk, Nasjonalparkriket Reiseliv og Visit Lillehammer, samt Visit Norway, Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - og nettsideleverandøren Simpleview.

LOM NÆRINGSFORENING

Det har heller ikkje 2024 ikkje vore ei aktiv næringsforening i Lom, men store delar av handelsnæringa er samla under Visit Jotunheimen AS. Visit Jotunheimen er aktivt med på koordinering og planlegging av handelstandsaktivitar og ulike arrangement for å skape meir aktivitet i Lom sentrum, og ser dette som viktige tiltak både med tanke på å bidra til auka handelsaktivitet og for å tiltrekke oss merksemnd frå folk utanfor kommunegrensa. Visit Jotunheimen ynskjer å vere ein bidragsytar for arrangement for



lokalbefolkninga og medlemmane, som igjen gjev både trivsel og auka engasjement. Det er eit mål for selskapet at alle bedrifter knytt til handelsstanden er medlemmar i Visit Jotunheimen.

BELYSNINGSPROSJEKT

Visit Jotunheimen har gjennom fleire sesongar tatt initiativ til ei oppgradering av julebelysninga i Lom sentrum. Hausten 2023 vidareførte Visit Jotunheimen ljosprosjektet sitt ved å ljossetta ei stor bjørk ved innkøringa til Lom sentrum. Prosjektet var finansiert gjennom midlar frå Sparebank 1 Lom og Skjåk, Lom kommune og næringsaktørar kring Sport 1 / Kiwi. Prosjektet omfatta til saman 3 tre, og dei to resterande vart montert hausten 2024; to store bjørketrær mellom Kiwi og Skaansar. I tillegg monterte vi opp at belysninga på utleggsbrua i midten av november.

Saman med kommunen, bestemte vi følgande tider for ljossetting og slukking av jul- og vinterljøs:

- Vinterbelysning: 1. november til 15. februar.
- Julebelysning: Fredagen før 1. søndag i advent til 20. dag jul.

Utleggsbrua vil vere ljossett noko lenger enn det andre, da dette ljuset òg fungerer som "gangveg-belysning". Slukkes etter vinterferien for Innlandet, innan 1.mars

Takk til Fossberg hotell og Nordal turistsenter, for spons/tilrettelegging av straum til ljosa!

ANDRE RÅD OG UTVAL

FAGLEG RÅDGJEVANDE UTVAL

Visit Jotunheimen sit i fagleg rådgjevande utval for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde, Breheimen nasjonalpark og Reinheimen nasjonalpark. Desse tilsynsutvala er samansett av representantar for dei ulike interessene i området, som mellom anna grunneigarar, andre offentlege organ (t.d. fjellstyret), næringsliv og frivillige organisasjonar. Fagleg rådgjevande utval har møte ein gong per år.

Dagleg leiar Mari Arnøygard Wedum deltok under fagleg rådgjevande utval for Jotunheimen og Utladalen på Bessheim den 11. september 2024.

Fjellseljar og berekraftsansvarleg Marit Tangvik deltok under møte i Rådgivande utval for Breheimen nasjonalpark, i Skjåk den 24. oktober 2024

Dette er ein fin arena for reiselivet til å kome med innspel, samt å få innsikt i kva Nasjonalparkstyra og fjellstyra arbeider med gjennom året, slik at vi totalt sett sikrar ein god dialog mellom forvaltning og reiseliv. Visit Jotunheimen oppretta i 2024 ei chat-gruppe (på Messenger) for Visit Jotunheimen og representantar for nasjonalparkane rundt oss (Jotunheimen, Breheimen og Reinheimen). Målet er å senke terskelen for daglegdags kommunikasjon og auka samarbeid.

LANDSBYRÅDET - INN I REISEMÅLSLEINGA

Lom sentrum, Fossbergom, er ein av fem tettstadar i Norge som har status som nasjonalparklandsby. Frå og med juni 2024, da Lom vart merka berekraftig reisemål, vart det foreslått at landsbyrådet skal inngå i destinasjonsleinga, med fortsatt mål om å vidareutvikle Lom sentrum under merkevara *nasjonalparklandsby*.



8: STYRET

Visit Jotunheimen har årlege styreval om våren. I 2024 vart følgjande styre valt under ordinær generalforsamling i selskapet, på **Nordal turistsenter, onsdag 5.juni 2024.**

Visit Jotunheimen sitt styre består etter valet av 7 medlem og 2 varamedlem:

Styreleiar:

Øyvind Rusten på val i 2025 (1 år)

Styremedlem:

Anne Wangen på val i 2025 (2 år)

Ole Ragnar Repp på val i 2025 (2 år)

Tanja Gjeilo på val i 2025 (2 år)

Arnt Rune Vole på val i 2026 (2 år)

Iver Lund Aakre på val i 2026 (2 år)

Olav Grjotheim på val i 2026 (2 år)

Varamedlem:

Elin Husom på val i 2025 (1 år)

Lene Killi Holø på val i 2025 (1 år)



Styret i Visit Jotunheimen

per 2024



STYRET SITT ARBEID – VED STYRELEIAR:

Styret og dagleg leiing har gjennomført totalt 7 styremøte i 2024. I tillegg er det fortløpande dialog og orienteringar per e-post, Facebook (Messenger-gruppe) og telefon kring sakar av mindre betydning. Styret prioriterer god kommunikasjon og eit tett samarbeid, både mellom styret og administrasjonen, men òg internt i styret. Vi har ein liten administrasjon, og eit aktivt styre ser vi som ein viktig suksessfaktor. Styrets varamedlem vert innkalla til alle

2024 var nok eit innhaldsrikt år, der vi for fyrste gong hadde to fulle og permanente stillingar i selskapet. Dette set oss i ein langt sterkare posisjon, og skapar ein betre arbeidskvardag for dei tilsette. I juni vart vi



merka som berekraftig reisemål av Innovasjon Norge, etter ei omfattande og lærerik prosjektperiode på nesten 3 år. Dette er verkeleg eit kvalitetsstempel, men merkinga betyr på ingen måte at arbeidet er ferdig.

Resten av 2024 har handla om å setje ord om til handling. Dette meiner vi å ha lukkast godt med, og mykje frå reisemålsstrategien sin handlingsplan (2024-2027) er allereie godt i gang. Fjellsmak-satsinga har verkeleg vorte lagt merke til, og Visit Jotunheimen var også kring initiativ-takarane til eit bedriftsnettverk som kan arbeide målretta mot internasjonale markadar. Vi har også auka fokuset på kompetanseheving i næringa gjennom det nasjonale berekraftsnettverket, og eit stort, digitalt lyft for Visit Jotunheimen sin del er på gang.

Skulesaka har naturlegvis stor betydning også i eit berekraftsperspektiv. Styret var involvert i utarbeiding av høyringssvar i fjor sumar, som over 70 bedrifter stilte seg bak. Vi skreiv også fleire lesarinlegg. Trass eit sær negativt vedtak 23. oktober meiner vi det er mykje positivt å ta ut av denne prosessen så langt, då den verkeleg har synt kva kraft og samhald som ligg i dei tre Ottadalskommunane.

Styret i Visit Jotunheimen har eit aktivt bidrag, og spesielt i spørsmål kring økonomi og finansiering av både drift og prosjekt. Lom kommune bidrog med kr. 800 000,- i stønad i 2024, og vi er utruleg glade for det gode samarbeidet med kommunen. Innlandet fylkeskommune innvilga stønad à kr. 100 000,- i 2024 (støtte til destinasjonsselskap), og gav i tillegg stønad à kr. 99 700,- til Fjellsmaken-prosjektet. Til berekraftig reisemål-prosjektet (avslutta 2024) har Lom kommune, Innovasjon Norge og Sparebank1 Lom og Skjåk totalt gått inn med tilskot à kr. 1 000 000,-. I tillegg bidrog Sparebank1 Lom og Skjåk med økonomisk stønad til fleire mindre prosjekt og tiltak. Vi er sær takksame for støtta frå alle våre gode samarbeidspartnarar.

Styret meiner at Visit Jotunheimen er i ei positiv utvikling. Vi ynskjer å utvikle selskapet vidare, men vil byggje stein på stein. To fulle stillingar i selskapet er slik sett eit sær viktig premiss. Vi representerer eit reisemål fylt av kvalitet, variasjon og samhald, og dette er sær gode føresetnader å byggje vidare på.

Vi ser fram til fortsetjinga, og takkar alle våre medlem for 2024!

/ved styreleiar Øyvind Rusten, april 2025

9: ORGANISASJON

Visit Jotunheimen er ein liten administrasjon. Selskapet har i 2024 hatt totalt fem tilsette – herav dagleg leiar Mari Arnøygard Wedum og fjellseljar Marit Tangvik, begge i 100% stilling.

Bedrifta har i tillegg hatt totalt tre deltidstilsette i turistinformasjonen i sommarsesongen, frå starten av juni – ut august.

DAGLEG LEIING

Dagleg leiar, Mari Arnøygard Wedum, vart tilsett i Visit Jotunheimen 01.05.2017. Mari har med si kommunikasjonskompetanse, allsidigheit og høge arbeidskapasitet, i stor grad bidrege til å auke aktivitetsnivået i selskapet. Med avgrensa midlar, blir det jamleg produsert tekst-, video- og bilete-innhald for bruk på nettside og i sosiale media. Både filmar og ei stor mengde innlegg i sosiale media er samla sett med på å lyfte aktivitetane og marknadsført området på ein positiv måte.

Marit Tangvik vart tilsett som «fjellseljar» i Visit Jotunheimen frå 01.06.2019. Ho har frå fyrste stund teke mykje ansvar i stillinga som fjellseljar, og har på kort tid opparbeid seg sterk kompetanse på mange



område. Marit tek ekstra ansvar både for økonomien i selskapet, drifta av turistinformasjonen og oppfølging av det meste av arbeidet knytt til berekraftig reisemål.

Wedum og Tangvik har kompetanse som utfyller kvarandre godt, og administrasjonen tek i vare eit bredt spenn av oppgåver. Styret er særst godt nøgde med det arbeidet som administrasjonen har utført i 2024.



17.mai-fotografering på Sognefjellet: Marit Tangvik og Mari Arnøygard Wedum, Visit Jotunheimen, mai 2024

ARBEIDSMILJØ

Arbeidsmiljøet vert sett på som lite og godt. Det har i 2024 ikkje vore skader eller ulykker i selskapet, og det er ikkje registrert lengre sjukefråvær blant dei tilsette. Visit Jotunheimen hadde i 2024 eit sjukefråvær på 0,17%.

LIKESTILLING

Selskapet har som mål å vere ein arbeidsplass der det så langt som mogleg er full likestilling mellom kvinner og menn. Dagleg leiar og fjellseljar er kvinner. Av dei tre tilsette sommarvikarane i turistinformasjonen er 33% menn og 66 % kvinner.

Selskapet sitt styre (inkl. vara) består ved utgangen av 2024 av fire kvinner og fem menn. Samla ser selskapet at vi har ei god kjønnsbalanse.

DISKRIMINERING

Visit Jotunheimen AS arbeider aktivt for å forhindre diskriminering som følgje av nedsett funksjonsevne, etnisitet, nasjonal opphav, hudfarge, religion eller livssyn. Vi er opptekne av at selskapet sine tilsette ikkje skal utsetjast for uønskt seksuell merksemd.

YTRE MILJØ

Verksemda fører verken med seg forureining eller utslepp som kan vere til skade for det ytre miljøet.



Årsberetning 2024

Visit Jotunheimen AS



10: REKNESKAP 2024

Selskapets resultat for 2024 syner eit driftsresultat på kr. 5 423,- og eit **overskot på kr. 4 937,-** etter skatt.

Næringsbidrag og prosjekt- og kampanje-finansiering frå aksjonærar og støtte medlem utgjorde **kr. 1 518 606,-**, og Lom kommune innvilga støtte til verksemda med kr. 800.000,-.

Samla driftsinntekter i Visit Jotunheimen AS var på kr. 3 368 832,- i 2024.

Året 2024 har etter styret si mening vore eit økonomisk akseptabelt år. Selskapets føresetnader for vidare drift er til stade. Denne forutsetninga er lagt til grunn for rekneskapen.

Selskapet si **likviditetsbeholdning** ved årsslutt 2024 var på kr. 568 441,-. Styret ser likviditeten som akseptabel ut i frå selskapet sine aktivitetar og forpliktingar.

Selskapets **total kapital** var ved årsslutt på kr. 1 156 106,- og eigenkapitalen utgjorde kr. 468 835,- tilsvarande 40,5%.

11: BUDSJETT 2025

Lom kommune har innvilga ei støtte på **kr. 800.000,-** for 2025.

I 2025-budsjettet er det estimert eit næringsbidrag på **kr. 1 331 598,-**.

Vidare er det budsjettet med kr. 224 000,- frå næringsfinansierte kampanjar og prosjekt for å utvikle og marknadsføre området.

Totalt er det budsjettet med at næringa vil gå inn med kr. 1 723 343,- i 2025 gjennom næringsbidrag, støtte medlemskap, prosjekt, kampanjar, tiltak og annonsar.

Lom, 15.05.2024

Øyvind Rusten
Styreleiar

Mari Arnøygard Wedum
Dagleg leiar



Årsregnskap for
VISIT JOTUNHEIMEN AS

915613020

Regnskapsår
01.01.2024 - 31.12.2024



VISIT JOTUNHEIMEN AS
915 613 020

Resultatregnskap

	Note	2024	2023
Driftsinntekter			
Salgsinntekt		2 012 499	1 665 200
Annen driftsinntekt	1	1 356 333	1 536 709
Sum driftsinntekter		3 368 832	3 201 909
Driftskostnader			
Varekostnad		-369 763	-314 777
Lønnskostnad	2, 3	-1 755 396	-1 682 295
Avskrivning på varige driftsmidler og immaterielle eiendeler	4	-16 966	-14 167
Annen driftskostnad		-1 221 284	-1 120 412
Sum driftskostnader		-3 363 409	-3 131 651
Driftsresultat		5 423	70 258
Finansinntekter			
Annen renteinntekt		805	452
Sum finansinntekter		805	452
Finanskostnader			
Annen rentekostnad		-1 291	-79
Sum finanskostnader		-1 291	-79
Netto finans		-486	373
Resultat før skattekostnad		4 937	70 631
Skattekostnad	5, 6	0	-14 792
Årsresultat		4 937	55 839
Overføringer			
Annen egenkapital		4 937	55 839
Sum overføringer		4 937	55 839



VISIT JOTUNHEIMEN AS
915 613 020

Balanse

	Note	31.12.2024	31.12.2023
EIENDELER			
Anleggsmidler			
Varige driftsmidler			
Driftsløsøre, inventar, verktøy, kontormaskiner, ol.	4	50 325	67 291
Sum varige driftsmidler		50 325	67 291
Finansielle anleggsmidler			
Investeringer i aksjer og andeler	7	5 000	0
Sum finansielle anleggsmidler		5 000	0
Sum anleggsmidler		55 325	67 291
Omløpsmidler			
Varer			
Varer		168 818	142 893
Sum varer		168 818	142 893
Fordringer			
Kundefordringer		54 098	81 379
Andre kortsiktige fordringer		309 424	238 471
Sum fordringer		363 522	319 850
Bankinnskudd, kontanter og lignende			
Bankinnskudd, kontanter og lignende	8	568 441	524 890
Sum bankinnskudd, kontanter og lignende		568 441	524 890
Sum omløpsmidler		1 100 781	987 633
SUM EIENDELER		1 156 106	1 054 924



VISIT JOTUNHEIMEN AS
915 613 020

Balanse

	Note	31.12.2024	31.12.2023
EGENKAPITAL OG GJELD			
Egenkapital			
Innskutt egenkapital			
Aksjekapital	9	291 888	271 618
Sum innskutt egenkapital		291 888	271 618
Opptjent egenkapital			
Annen egenkapital	9	176 947	172 010
Sum opptjent egenkapital		176 947	172 010
Sum egenkapital		468 835	443 628
Gjeld			
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		258 837	208 753
Betalbar skatt	5, 6	0	14 793
Skyldige offentlige avgifter	8	114 798	116 914
Annen kortsiktig gjeld		313 636	270 836
Sum kortsiktig gjeld		687 271	611 296
Sum gjeld		687 271	611 296
SUM EGENKAPITAL OG GJELD		1 156 106	1 054 924

LOM, 05.05.2025

Øyvind Rusten
styrets leder

Arnt Rune Vole
styremedlem

Anne Elisabeth Wangen
styremedlem

Olav Grjotheim
styremedlem

Ole Ragnar Repp
styremedlem

Tanja Sund Gjeilo
styremedlem

Iver Lund Aakre
styremedlem

Mari Arnøygard Wedum
daglig leder



VISIT JOTUNHEIMEN AS
915 613 020

Noter

Regnskapsprinsipper

Årsregnskapet er satt opp i samsvar med regnskapsloven og god regnskapsskikk for små foretak.

Salgsinntekter

Inntektsføring ved salg av varer skjer på leveringstidspunktet. Tjenester inntektsføres etter hvert som de leveres.

Klassifisering og vurdering av balanseposter

Anleggsmidler er eiendeler bestemt til varig eie eller bruk. Eiendeler som er knyttet til varekretsløpet er klassifisert som omløpsmidler. Fordringer klassifiseres som omløpsmidler hvis de forfaller til betaling innen ett år etter transaksjonsdagen. Tilsvarende klassifiseres gjeld som kortsiktig hvis gjelden forfaller til betaling innen ett år.

Omløpsmidler vurderes til laveste av anskaffelseskost og virkelig verdi. Kortsiktig gjeld balanseføres til nominelt beløp på etableringstidspunktet. Anleggsmidler vurderes til anskaffelseskost. Varige anleggsmidler avskrives etter en fornuftig avskrivningsplan. Anleggsmidlene nedskrives til virkelig verdi ved verdifall som ikke forventes å være forbigående. Langsiktig gjeld med unntak av andre avsetninger balanseføres til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Fordringer

Kundefordringer og andre fordringer er oppført i balansen til pålydende etter fradrag for avsetning til forventet tap. Avsetning til tap gjøres på grunnlag av individuelle vurderinger av de enkelte fordringene.

Varebeholdninger

Varer verdsettes til det laveste av anskaffelseskost og virkelig verdi.

Varige driftsmidler

Varige driftsmidler balanseføres og avskrives over driftsmidlenes levetid dersom de har antatt levetid over 3 år og har en kostpris som overstiger kr 30 000. Direkte vedlikehold av driftsmidler kostnadsføres løpende under driftskostnader, mens påkostninger eller forbedringer tillegges driftsmidlets kostpris og avskrives i takt med driftsmidlet.

Skatt

Skattekostnaden i resultatregnskapet omfatter både periodens betalbare skatt og endring i utsatt skatt. Utsatt skatt er beregnet med 22% på grunnlag av de midlertidige forskjeller som eksisterer mellom regnskapsmessige og skattemessige verdier, samt skattemessig underskudd til fremføring ved utgangen av regnskapsåret. Skatteøkende og skattereduserende midlertidige forskjeller som reverserer eller kan reversere i samme periode er fastsatt og skattevirkningen er beregnet på nettogrunnlaget. Utsatt skattefordel bokføres ikke.

Selskapet har ikke endret regnskapsprinsipp fra 2023 til 2024.

Note 1 - Tilskudd

Selskapet har i 2024 mottatt driftstilskudd fra Lom Kommune på kr 800 000.

Selskapet fekk i 2022 innvilga tilskudd fra Innovasjon Norge, Lom kommune og Sparebank1 Lom og Skjåk på til sammen kr 1 000 000 til sertifisering av Lom som bærekraftig reisemål fase 2. Kr 150 000 av dette er utbetalt i 2024.

Selskapet har mottatt følgende tilskudd fra Innlandet fylkeskommune i 2024

Støtteordning destinasjonsselskap	100 000
Støtte til Fjellsmaken	67 578



VISIT JOTUNHEIMEN AS
915 613 020

Note 2 - Lønnskostnader

Spesifikasjon av lønnskostnader	2024	2023
Lønn	1 548 148	1 523 458
Arbeidsgiveravgift	107 001	95 183
Pensjonskostnader	73 447	30 061
Andre relaterte ytelser	26 800	33 593
Sum	1 755 396	1 682 295

Note 3 - Antall årsverk

Antall årsverk sysselsatt i regnskapsåret: 2

Note 4 - Varige driftsmidler og immaterielle eiendeler

	Varige driftsmidler
Anskaffelseskost 01.01.	198 546
Tilgang i året	0
Avgang i året	0
Anskaffelseskost 31.12.	198 546
Samlede avskrivninger, nedskrivninger og reverseringer av nedskrivninger	-148 221
Balanseført verdi per 31.12.	50 325
Avskrivninger, nedskrivninger og reverseringer av nedskrivninger i regnskapsåret	16 966

Note 5 - Spesifisering av skatt

Skattekostnad	2024	2023
Betalbar skatt på alminnelig inntekt	0	14 793
Betalbar skatt, for mye, for lite avsatt tidligere år	0	-1
Skattekostnad	0	14 792
Skattepliktig inntekt		
Resultat før skatt	4 937	70 631
Permanente forskjeller	2 669	6 197
+/- Endring i midlertidige forskjeller	-9 443	-9 589
Skattepliktig inntekt	-1 838	67 240
Betalbar skatt i balansen		
Betalbar skatt på årets resultat	0	14 793
Betalbar skatt i balansen	0	14 793

Note 6 - Midlertidige forskjeller - utsatt skatt/skattefordel

Utsatt skatt/utsatt skattefordel i balansen avsettes på grunnlag av forskjeller mellom regnskapsmessige og skattemessige verdier i henhold til norsk regnskapsstandard for skatt.

Midlertidige skatteøkende og skattereduserende forskjeller som kan utlignes er nettoført.



VISIT JOTUNHEIMEN AS

915 613 020

Midlertidige forskjeller knyttet til:	01.01.2024	31.12.2024	Endring
Anleggsmidler	-19 681	-10 238	-9 443
Fremførbart underskudd	0	-1 838	1 838
Netto forskjeller	-19 681	-12 076	-7 606
Skattereduserende forskjeller som ikke kan utlignes	19 681	12 076	7 606
Sum midlertidige forskjeller som inngår i grunnlag for utsatt skatt/skattefordel	0	0	0
Utsatt skatt 31.12.2024 basert på 22 %	0	0	0

Note 7 - Investeringer i aksjer og andeler i andre selskaper

Selskapsnavn	Forretningskontor	Antall aksjer	Eier- Stemme- andel (%) rett (%)	Bokført verdi	Markedsverdi
Mat og Drikke fra Innlandet SA	Øyer kommune	1		5 000	
Sum				5 000	

Note 8 - Bankinnskudd

	31.12.2024
I posten for bankinnskudd inngår egen konto for bundne skattetrekksmidler med	105 127
Skyldig skattetrekk	-80 178

Note 9 - Egenkapital

	Aksjekapital	Opptjent egenkapital	Sum
Egenkapital 31.12.2023	271 618	172 010	443 628
Årsresultat	0	4 937	4 937
Kontantinnskudd/ tingsinnskudd	20 270	0	20 270
Egenkapital 31.12.2024	291 888	176 947	468 835